

## NUR-design

Til alle tider har vi menneske brukt handverk til å lage vakre ting å kle oss i og dekorere oss med. Dette var med å gje ein person karakter og stil, og alle bunadene våre er eit glimrande døme på dette.

Men sjølv om vi ikkje går i bunad til vanleg lenger, kan teknikkane som blei brukt framleis brukast til å lage vakre klede og pynt i 2009.

På NUR-design skal du lære ulike perleteknikkar – som til dømes å lage kunstferdige perleedyr, samt ulike filte-teknikkar, og dekorere caps, vesker eller T-skjorter med produktene.

DU er kunstnaren - gruppa er inspiratorar - lærarane er rettleiarar. Her skal kreativitet og skapertrang få fritt spelerom!

**Hill-Aina Steffenach** og **Hilde Fauchald** er lidenskapeleg opptatt av handverk og alt det vakre ein kan lage. Dei har begge hatt ei rekkje kurs over heile landet, og sit i bunadrådet i NU. Hill-Aina designar og syr klede sjølv med "personleg touch" og Hilde syr bunader frå sin eigen verkstad.



Foto: Hill Aina Steffenach, Elisabeth Klette. Design: Synnøve Jørgensen.

## Velkommen til Hamar!

NUR er fagleg og sosial samling for ungdom mellom 14 og 26 år. Kurs, overnatting (klasserom) og kurs skal foregå på "gamle Akerskogen vg. skole.", Storhamar vgs. på Hamar.

### Tidsplan:

måndag 27. juli: innkvartering, sosiale aktiviteter på kvelden.  
tysdag 28. juli: kurs om dagen – sosialt om kvelde og natta...  
onsdag 29. juli: kurs om dagen – avslutningsfest middag og underholdning. Einar Olav Larsen trio til dans ut over natta!  
For meir detaljert tidsplan – sjå [www.folkekulturfestivalen.no](http://www.folkekulturfestivalen.no)

I løpet av desse dagane blir det fleire fellesøkter med aktivitetar på tvers av fagfelta. Om kveldane og nettene får ein tid til andre ting; jamming, teaterleik, dans, spel, nattdebatt, kjærleik (!?)....

## Påmelding

Alle mellom 14 og 26 år er velkomne på NUR 2009.  
Pris for å delta på NUR er kr. 1000/700,- for medl. i NU

NUR 2009 og Folkekulturfestivalen har same elektroniske påmeldingsskjema. Dette finn her: [www.folkekulturfestivalen.no](http://www.folkekulturfestivalen.no)

Organiserer du tur for gruppe eller ungdomsring?  
Kvar gruppe skal ha ein reiseleiar per 10 ungdomar. Reiseleiarar betaler bare 50% av deltakaravgifta. Ein reiseleiar bør vere over 18 år, elles inga øvre grense.

### Vi treng poteter!

Er du over 20 år? Har du lyst til å jobbe dugnad som miljøarbeidar og fagleg førebilete på NUR 2009? Vi lokkar med gratis deltaking på NUR, reise og overnatting under NUR og festivalen. Ta kontakt med [synnove@ungdomslag.no](mailto:synnove@ungdomslag.no)

Noregs Ungdomslag arrangerer NUR 2009 i samarbeid med fylkeslag i NU.  
Arrangementet er støtta av LNU, Rff og Musikkutstyrsordninga.



2009  
**NUR**

**HAMAR**  
27.- 29. juli

**TEATER**  
**DESIGN**  
**FOLKEDANS**  
**FOLKEMUSIKK**



# NUR-spel

Speler du eit instrument?

Eit av landets mest populære folkemusikkgrupper er lærarar; Einar Olav Larsen trio, nominert til IntroFOLK 2009!

Lær melodiar innan 1900-talets gammaldans, swing og tango. Kurset er ope for alle instrument, og vil ha stort fokus på samspel. Samarbeidet med NUR-folkedans blir tett, og du vil spele mykje til dans!



## Einar Olav Larsen trio

Den største inspirasjonskjelda er samspelet mellom Hilmar Alexandersen og pianisten Sturla Hallås. Eit elegant felespel og variert og originalt pianoakkompagnement, som Alexandersen og Hallås utvikla gjennom meir enn 20 års speling på bryllup og fest på Innherred.

**Einar Olav Larsen** (30 år) er ein av få som er A-klasse-spelmann på både fele og hardingfele. Han er mellom anna kjent frå P.A. Røstad orkester, finsk-norske Frigg, samspelet med bror sin, Gjemund, og har dessutan det siste året spelt med Øystein Sunde og orkesteret hans "Meget i sløyd".

**Daniel Trustrup Røssing** (25 år) er kjent som eit stort talent innan blues-/rockabilly-sjangeren. Han braut gjennom i 2007 med turnering med Chuck Berry, og er nå rocke-legenden sitt førsteval som pianist på konsertar i Europa.

**Audun Larsen** (20 år) er yngstemann i folkemusikk-familien Larsen. Er etter kvart ein habil bassist med erfaring frå fleire ulike sjangrar.

# NUR-teater

Vil du smake på fleire teaterretningar? Både fysisk og tekstleg teater? Då blir du med oss. Humor er det alvorlege utgangspunktet. Vi leikar med skodespelarteknikk og tekstarbeid, med ulike teatermetodar. Om du ikkje er så tøff, så blir du det, for improvisering er ein del av innhaldet - og med det skapar vi nye og stilige historier.

Innimellom vil deltakarane gjennom kreative visningar markere seg i lokalmiljøet. Kurset vert avslutta med: *Kjeften vs Kroppen*, ein høgtideleg konkurranse mellom tekstteateret og det fysiske teater, det tradisjonelle og moderne. Aldri før har scenekunsten duellert på denne måten, men på Hamar i 2009 kårar vi kanskje ein vinnar.

**Trine Merete Sjølyst** (27 år) og **Jan Fredrik Grøndal Henriksen** (24 år) arbeider begge som teaterinstruktørar og er engasjert i *Den mangfaldige scenen*. Jan Fredrik er i tillegg lidenskapeleg opptatt av hiphop, noko som vil verte synleg i valet av delar av arbeidsdramatikken.



NUR 2008. Foto: Elisabeth Klette

# NUR-folkedans

Høyrt om *dei glade 50 og 60 åra*?

NUR-folkedans skrur tida tilbake, og lærer å danse tango og slowfox, så vel som runddans og annan type folkedans. Alt med utgangspunkt i norsk folkeleg dansetradisjon og -musikk frå 1900-talet.

Vegar Vårdal har studert og fordjupa seg mykje også i denne delen av norsk dansetradisjon. På dette kurset vil du oppleve danseglede, god musikk og mange ulike typar dans!

NUR-folkedans samarbeider tett med NUR-spel. Du vil få danse mykje til eit av landets beste folkemusikkgrupper; Einar Olav Larsen trio!

**Vegar Vårdal** (33 år) er profesjonell folkemusikar og folkedanspedagog, busett i Vågå. Han er mykje brukt danspedagog, og er mellom anna hovudlærer på emnet Norsk folkelig dans (NTNU/Rff-sentret). Vegar starta si dansekarriere som swingdansar, og har instruert i swing, tango og folkedans sidan han var 15 år!

Instruktør frå Kom og Dans.

**Endre Kleiveland** (28 år) er frå Osterøy og mykje brukt danseinstruktør i Bergen Ungdomslag, Ervingen. Han også med i dansegruppa *To tette og ei badehette* i Bergen. Endre er leiar i folkedansrådet i Noregs Ungdomslag.